

Internt notat

Til:

Fagforbundet avd 192 Strand
Gerd Næss Barka
Gunn Marte Bull
Hans Marius Våga
Kolumbus
Rune Bøe
Tonje Hjeltnes
Ungdomsrådet v/Kristin Spørkel Gjerde
Utdanningsforbundet

ArkivsakID:
24/2934-3

JournalpostID:
25/22392

Arkivkode:

Dato:
11.02.2026

Høyring nye kretsgrenser til skulane

Strand kommune vurderer å gjera endringar i skulane sine kretsgrenser og fastsetta desse i eiga forskrift. Ein vil då sjå på både avstanden til skulane og kapasiteten ved den einskilde skule.

Før det blir utarbeida forslag til forskrift, vil kommunedirektøren ha innspel frå aktuelle partar, og me ber skulane om å ta dette opp i rådsorgana ved skulen, både for tilsette, elevar og føresette.

Andre høyringsinstansar er:

- Ungdomsrådet i Strand
- Kolumbus
- Utdanningsforbundet og Fagforbundet

Høyringa blir gjort tilgjengeleg for innbyggjarane på Strand kommune si heimeside.

Frist for høyring er 20.03.2026

Innspel kan sendast til postmottak@strand.kommune.no

Opplæringslova § 2-6 Kva grunnskole eleven skal gå på

Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole

Skulekrinsar i dag

I Strand har me i dag tre skulekretsar: Nordre Strand, Tau og Jørpeland. Grensene som definerer kretsane er frå gammalt av, då me hadde fleire mindre grendaskular som nå er nedlagt. Heia skulekrets blei overført til Jørpeland, sjølv om elevane hadde kortare veg til Tau skule. Elevar busett i Alsvik og Amdal høyrer i dag til Nordre Strand sjølv om det er kortare avstand til Tau. Når me nå vil fastsetja skulekretsane som eiga forskrift, vil kommunedirektøren vurdere både avstanden og kapasiteten til skulane.

Aktuelle endringar

Kommunedirektøren foreslår ingen endringar i skulekretsgrensene mellom Tau og Nordre Strand. Desse grensene er like i alle alternativa som er vurderte, og ligg fast uavhengig av kva løysing som blir valt vidare i prosessen.

Endringane i forslaga gjeld difor berre skulekretsgrensene mellom Tau og Jørpeland. På austsida av Ryfylkevegen (FV 523) er forskjellane mellom alternativa små når det gjeld bebyggelse. Grensene er teikna opp likt frå Åsvatnet til Svatunnelen og vidare mot Holtaheia.

Dei største forskjellane mellom alternativa finn ein på Nag, der ulike løysingar for nærskule og trafikktryggleik gir ulike avgrensingar mellom Tau og Jørpeland skulekrins.

Kommunedirektøren har tre forslag til nye kretsgrenser:

Alternativ 1

Skulekretsgrensa går ved krysset der Nagavegen møter Ryfylkevegen (FV 523) mot kveldsbeleika (HOLAIGÅ) (Sjå kart under)

Alternativ 2

Skulekretsgrensa går ved Nagavegen 55 (Sjå kart under)

Alternativ 3

Skulekretsgrensa går ved krysset Nagavegen/Ryfylkevegen ved Heiabakkane
(Sjå kart under)

Alternativ 1



Skulekretsgrensa går ved krysset der Nagavegen møter Ryfylkevegen (FV 523) mot kveldsbeleika (Holaigå)

Fordelar

- Samlar all bebygging på Nag i same skulekrins
Dette er ein klar fordel med tanke på nærmiljøprinsippet. Barn som bur i same område får gå på same skule, noko som styrker sosial tilhøyring og reduserer splitting av nabolag.
- Bidreg til betre kapasitetsbalanse mellom Tau og Fjelltun.
Ved å flytte delar av elevmassen frå Fjelltun til Tau kan ein avlaste Fjelltun, som i periodar har høgt belegg. Dette gir betre ressursutnytting og meir føreseieleg kapasitetsstyring.
- Trygg skuleveg for elevane
Sidan bussane uansett køyrer Nagavegen, får elevane skuleskyss som er enkel, tydeleg og trygg. Dette kan vere særleg viktig for yngre elevar eller elevar med lang veg.

Ulemper

- Kan skape endringar for familiar som allereie har etablert skuleløp
Nokre familiar kan oppleve overgang til ny skulekrins som uønskt, spesielt dersom dei har søsken som allereie går på Fjelltun.
- Fleire elevar til Tau kan gje kapasitetsutfordringar på sikt
Tau skule må ha kapasitet til å handtere ei eventuell auke i elevtalet. Dersom bustadbygginga aukar, kan dette presse skulen.
- Kan opplevast som ei større endring enn dei andre alternativa
Sidan dette alternativet flytter eit relativt større geografisk område, kan det opplevast mindre skånsamt enn mindre justeringar.



Alternativ 2


Skulekretsgrensa går ved Nagavegen 55

Fordelar

- Ligg midt mellom Tau og Fjelltun
Dette gir ei nøytral og geografisk naturleg avgrensing, basert på avstand og plassering av bustadområde.
- Avgrensa endring
Dette alternativet inneber mindre omlegging enn alternativ 1 og 3, og vil truleg påvirke færre familiar.

Ulemper

- Ikkje naturleg for bussane å køyre Nagavegen
Skuleskyssen får eit mindre effektivt traséval, som kan føre til meir køyring eller omvegar. Det kan gje lengre reisetid for elevar.
- Kan skape splitting i eit etablert nabolag
Grensa ved eitt husnummer kan dele Nag-området på ein måte som ikkje følgjer naturlege nabolagsinndelingar.
- Gir avgrensa avlasting for Fjelltun
Sidan det berre blir flytta få elevar, kan dette vere eit alternativ som ikkje løyser kapasitetsutfordringar på Fjelltun.



Alternativ 3


Skulekretsgrensa går ved krysset Nagavegen/Ryfylkevegen ved Heiabakkane

Fordelar

- Skuletransporten kjem frå Heiabakkane og kan køyre direkte til Tau
Dette gir ei effektiv løysing for skuleskyss og gjer transportlogistikken oversiktleg og trygg.
- Nag høyrer framleis til Fjelltun
For familiar på Nag som ønskjer vidareføring av dagens praksis, vil dette alternativet kjennast minst inngripande.
- Avgrensa endring totalt sett
Gjer ei løysing som endrar lite og bare justerer for Heia-området.

Ulemper

- Splitter gamle Heia skulekrets
Dette er ei vesentleg ulempe. Det bryt med nærmiljøprinsippet og med politisk mål om å sjå Heia som ei samla eining. Å dele gamle Heia skulekrets kan opplevast som uryddig og skape uro i nærmiljøet.
- Løysinga gir minst avlasting til Fjelltun
Kapasitetsutfordringane på Fjelltun blir i liten grad adressert. Det kan føre til at behovet for ny utgreiing kjem raskare tilbake.
- Kan opplevast som lite framtidsretta
Alternativet held på gjeldande struktur, sjølv om kommunen vurderer endringar nettopp fordi gjeldande struktur ikkje fungerer optimalt.



Cato Wallin
Opplæring

93482437

Kopi til:
Guro Harboe Ur
Heidi Klaveness
Høyringsinstansar: